



## VEDTEKER FOR SKULEFRITIDSORDNING (SFO) i Sula

### 1. Definisjon og formål:

SFO i Sula skal vere eit pedagogisk stimulerande omsorg- og fritidstilbod for barn på 1.- 4. årstrinn og for barn med særskilte behov på 1. til 7. årstrinn. Aktivitetane skal skje innanfor ei trygg sosial og pedagogisk ramme, og skal vere organisert i tråd med gjeldande Rammeplan for SFO

SFO i Sula vert drive med heimel i Opplæringslova § 13-7, samt dei til ei kvar tid gjeldande vedtekten.

### 2. Styring og leiing:

Det politiske ansvaret for SFO ligg i Oppvekstutvalet med einingsleiar, rektor som administrativ og fagleg ansvarleg leiar. Den einskilde SFO-verksemd skal i tillegg ha dagleg SFO-leiar i samsvar med avtaleverket, underordna rektor. Lokalt styringsorgan er skulen sitt samarbeidsutval.

### 3. Foreldrekontakt:

Samarbeidsutvalet ved den einskilde skule skal minst ha ein foreldrekontakt som har barn i skulefritidsordninga. Alle foreldre som har barn i SFO, skal kallast inn til minst eitt foreldremøte i året. Foreldremøte i SFO skal skje i samband med (før/etter) foreldremøte i skulen

### 4. Bemanning:

Rektor sørger for at bemanninga til ei kvar tid er forsvarleg. Det skal til vanleg ikkje vere mindre enn to tilsette saman med barna. *Er det berre 1 voksen til stades, skal det finnast eit beredskapsopplegg, slik at det minst finst telefonsamband ut og at assistanse kan tilkallast på mindre enn 5 minutt.*

### 5. Leiing:

Leiarar for SFO bør ha pedagogisk kompetanse, vanlegvis barnehagelærar, men anna 3årig høgskuleutdanning kan vurderast. Tid til leiing og førebuing kjem i tillegg til bemanningsplanen.

### 6. Opningstid:

Den daglege opningstida skal leggjast før og etter skulen sine undervisningstimar for dei yngste elevane, slik at dei om ønskjeleg kan få samanhengande tilsyn frå kl.07.15 - 16.15 - ordinær opningstid. Opningstida til den einskilde SFO blir regulert ut frå påmelding kvart skuleår, om det er behov for utvida opningstid grunna jobb eller helse. Utvida opningstid frå 07.15 til 07.00 morgen og frå 16.15-16.30 ettermiddag kan avtalast lokalt med SFO-leiar for føresette som treng dette.

<b>Adresse:</b> «Sse_Adr»	<b>Telefon:</b> Sentralbord: 70 19 91 00	<b>E-post:</b> postmottak@sula.kommune.no	<b>Bankgiro:</b> 8647 10 92152	<b>Foretnrnsr.:</b> 964 980 543
<b>«Sse_Postnr»</b>	<b>Saksbeh:</b> «Sbr_Tlf»	<b>Web:</b> <a href="http://www.sula.kommune.no">www.sula.kommune.no</a>	<b>Skattekonto:</b>	
<b>«Sse_Poststed»</b>	<b>Telefaks:</b> «Sse_Fax»		<b>6345 06 15317</b>	

Opningstida er 11 månader pr. år i perioden 1. august t.o.m. 30. juni påfølgjande år. SFO held ope alle verkedagar med unntak av laurdag, jul- og nyttårsaftan, romjula, påskeferien og 5 planleggingsdagar. Ordninga held stengd i juli månad.

## 7. Plass tilbod - opphold:

Elevar blir gitt tilbod om opphold før og etter ordinær skuletid i tidsrommet 07.15 - 16.15 med følgjande alternative kategoriar.

1. Inntil 12 timer (med skulefrie periodar). 2 dagar opphold i skulefrie periodar.
2. Inntil 15 timer (med skulefrie periodar). 3 dagar opphold i skulefrie periodar.
3. Full tid (med skulefrie periodar).
4. Korttidsopphold

Elevar med full plass med skulefrie periodar har rett på opphold i heile opningstida, alle skulefrie dagar der SFO er open. Ved færre enn 5 påmeldte barn til skulefrie periode vil SFO halde stengt i perioden dette gjeld.

Elevar med plass inntil 12 timer har rett på plass inntil 2 dagar per veke i skulefrie periodar.  
Elevar med plass inntil 15 timer har rett på plass inntil 3 dagar per veke i skulefrie periodar.

Elevar med redusert plass skal avtale med SFO kva dagar/tidspunkt barnet skal vere på SFO, føresette skal avtale tid med SFO ein gang per månad. Avtale skal gjerast innan den 1.kvar månad, avtalt tid skal vere på vekebasis (lik tid for opphold kvar veke). Det kan i svært spesielle høve gjerast unntak frå krav om å avtale oppholdstid for barn med redusert plass på grunnlag av jobb eller helsesituasjon for føresette.

Elevar med redusert plass kan kjøpe ekstra dagar eller timer innanfor skuleåret ved påmelding seinast 14 dagar før ønskja opphold pris for ekstra dag(ar) er i tråd med årleg vedteke betalingsregulativ.

Elevar med redusert plass kan kjøpe ekstra dagar eller timer i skulefrie periodar ved påmelding seinast 14 dagar før skulefrie periodar, pris for ekstra dag(ar) er i tråd med årleg vedteke betalingsregulativ.

## 8. Korttidsopphold:

Når det er ledig plass, kan barn takast inn på enkeltopphald anten på dag- eller timebasis. Frist for påmelding er seinast 14.dagar før ønskja opphold. Betaling pr dag og per time blir fastsett av kommunestyret samtidig med det årlege vedtaket om betalingsregulativ. Inntekter som ei SFO-verksemnd oppnår på denne måten, blir ført tilbake til vedkomande SFO.

## 9. Leike og oppholdsareal:

Leike- og oppholdsarealet blir i utgangspunktet regulert av skulen sine disponibele lokale og uteområde og det som rektor til kvar tid finn forsvarleg.

## 10. Inntaksområde:

Opptakspotensiale for kvar SFO er vedkommande skule. Dersom det ved ein skule blir for få barn til at ordninga kan drivast, kan skular sjåast under eitt.

## 11. Inntak og oppseiing av plass:

Inntak av barn blir foretatt av rektor, inntak og oppsigelse av plass er enkeltvedtak etter forvaltningsloven (fvl.) § 2. Fvl. kapittel VI regulerer klageadgangen, jf. fvl. § 28 andre ledd. Klagefrist er 3 veker fom dato for vedtak. Oppvekstutvalet er ankeinstans.

Ved evt. avgrensingar i inntak, skal barn med særskilde behov prioriterast framfor eldre. Det blir nytta eigne søknadsskjema. Ledige plassar blir kunngjort gjennom skulen. Søknadsfrist skal vere 15. april. Når eit barn er tildelt plass i skulefritidsordninga, beheld barnet plassen til den blir sagt opp eller endra av føresette. Om plass ikkje vert sagt opp av føresette gjeld plass tilbod ut 4.trinn.

Gratis kjernetid inntil 12 timer per veke gjeld for barn i 1.og 2. klasse frå og med 1.august 2023. Barn på 1. og 2. trinn vil etter denne ordninga ha rett på gratis opphold i SFO ved 12 timars plass, kostnad med 15 timars plass vil verte 20% av normal pris og kostnad for full plass vil verte 45% av normal pris jamfør betalingsregulativ.

Redusert foreldrebetaling SFO, ordninga gjeld for barn på 1.-4. årstrinn i familiar eller hushaldningar som har lav inntekt. Ei hushaldning skal ikkje betale meir enn 6 % av brutto årsinntekt for ein plass i SFO. Føresette søker om redusert foreldrebetaling via Sula kommune si nettside og digitalt søknadsskjema som fins der. Vedtak om redusert foreldrebetaling i SFO, for dei som kvalifiserer til slik reduksjon, vil gjelde for eit skuleår.

For barn med særskilte behov kan det søkast om plass i SFO ut over 4.trinn. Sula kommune tilbyr to plassar i SFO for barn med særskilte behov på 5.-7. årstrinn, desse to plassane er behovsprøvde og ved behov vil tilbod verte oppretta på eininga der barnet går til dagleg. Føresette kan søkje om gratis opphold i SFO for elever med særskilte behov på 5.- 7. årstrinn, jf. oppll. § 13-7 første ledd. Føresette må søkje om gratis opphold for barn med særskilte behov via eige søknadsskjema på kommunen si nettside, i skjema er krav til dokumentasjon av særskilte behov spesifisert.

Delvis eller heil oppseiing av plass i SFO i løpet av skuleåret må gjerast innan den 1. i kvar månad. I oppseiingstida som er i månad , må ein betale for den plassen ein har. Plass kan ikkje seiast opp seinare enn 1. april med verknad frå 1. mai. Ved seinare oppseiing må foreldrebetaling halde fram ut skuleåret.

Oppseiing eller endring av plasstype for barn med plass i SFO for neste skuleår (august) skal skje innan 1.6. Ved seinare oppseiing må foreldrebetaling halde fram ut august månad.

### Påmelding til skulefrie periodar:

- påmelding til skulefrie dagar i august (før skulestart) er 15.juni.
- påmelding til haustferien har frist 15.september.
- påmelding til skulefrie dagar før jul (ikkje romjul) har frist 15.november.
- påmelding til vinterferien har frist 15.januar.
- påmelding til dagar i juni etter skuleslutt har frist 15.mai.

Barn påmeldt etter tidsfristane vil ikkje ha rett på plass i skulefrie periodar.

SFO ved alle skular skal halde ope så sant det er barn som er påmelde ordninga. SFO- tilbod kan likevel organiserast slik at fleire ordningar går saman om eit tilbod i feriar og fridagar, når det er få barn i ordninga, t.d. mindre enn 5 til saman.

## 12. Betaling:

Sula kommune har 25% søskenmoderasjon for barn nr.2 i SFO, og 50% søskenmoderasjon for barn nr. 3 i SFO. Vilkår for søskenmoderasjon er at same føresett står som betalingsmottakar for barn nr. 1, 2 og 3.

Betaling skjer med frist innan den 15. i kvar månad. Det blir kravd betaling i 11 månader. Med saksbehandling og klagerett etter forvaltningslova kan rektor, ved manglande betaling eller vesentleg misferd, seie opp plassen til ein elev. Det same gjeld om foreldre har manglande betaling i høve til dei kommunale barnehagane. Vedtaket kan setjast i verk 1 månad frå den dato det blir kunngjort for foreldra.

Dersom born i SFO fleire gonger vert henta etter 16:15, ordinær opningstid, vil føresette verte fakturert eit gebyr på kroner 200,- per gong. Dette gebyret skal dekke SFO sine utgifter til ekstra lønskostnader som følgje av henting etter ordinær opningstid. Dersom SFO lokalt har avtalt utvida opningstid ut over 16:15 vil dette punktet falle bort.

## 13. Ansvar:

Den einskilde SFO- verksemد er ansvarleg for barna i den tida dei oppheld seg der. Kommunen teiknar kollektiv ulykkesforsikring for kvart barn som har plass i dei kommunale skulefritidsordningane.

## 14. Årsplan:

Ved kvar verksemد skal det utarbeidast årsplan i tråd med rammeplanen for innhald og organisering av skulefritidsordninga.

## 15. Teieplikt:

Personalet i SFO har teieplikt etter reglane i forvaltningslova §13.

## 16. Politiattest

Alle som skal tilsettast i SFO, må legge fram politiattest som viser om han eller ho er sikta, tiltalt eller dømt for seksuelle overgrep mot barn. Personar som er dømt for slike overgrep, kan ikkje bli tilsett i SFO. Opplæringslova § 13-7 sjette ledd, jf. § 10-9 første og tredje ledd og forskrift til opplæringslova kapittel 15.

## 17. Internkontroll

SFO følg «Forskrift om miljørettet helsevern i barnehager og skoler m.v.», samt «Forskrift om systematisk helse-, miljø- og sikkerhetsarbeid i virksomheter» (Internkontrollforskrifta)

## 18. Endring av vedtekter

Vedtekten oppdaterast slik at det til ei kvar tid er i samsvar med gjeldande regelverk og politiske vedtak.

***Retningslinene vart vedteke i kommunestyret den 15.06.2023,***

***sak nr. K -033/23***

***Vedtekten gjeld frå og med 01.08.2023***

***Hildegunn Pedersen  
kommunalsjef***